

Figurbegrepet hos Gérard Genette

(Vitskapsteoretisk innlegg, HF-fakultetet, Universitetet i Bergen, 26. mai 1999)

I

Figurbegrepet står sentralt i dei litteraturteoretiske drøftingane til Gérard Genette frå andre halvdel av 1960-talet. Alle dei tre essay-samlingane frå perioden 1966 - 1972 har "Figures" som tittel. Anten drøftinga gjeld det poetiske språket generelt, litteraturkritikkens gjenstand, litteraturhistorie eller retorikkhistorie, blir denne kategorien eit nøkkel-begrep. Derfor kan Mary-Rose Logan laga ordspel på den kjende sentensen til Horats, *ut pictura poesis* (som biletet så poesien), når ho karakteriserer litteraturteorien til Genette med orda *ut figura poesis* (Genette 1982, vii).

Så kan ein spørja: Kva er skilnaden? Nærmare bestemt: kva er figurens måte å bety på, figurens måte å tenka på?

I det tilfanget som her ligg til grunn¹, er Genette gjennomgåande utprøvande og problematiserande. Og det er særleg to orienteringar som styrer drøftingane: For det første ei systematisk tilnærming til litteraturstudiet, nærmare bestemt ei strukturalistisk orientering. For det andre ei historisk interesse, kall det gjerne litteraturhistorisk interesse, men då er det vel å merka tale om litteraturhistorie utan namn og utan titlar, slik Paul Valéry førestilte seg det, orientert mot skrivemåte, altså korleis litteraturens måte å vera litteratur på endrar seg med historia (Genette 1966, 164-65; 1970, 111). Tanken blir følgd opp bl.a. av Albert Thibaudet med begrepet *essences*, av Roland Barthes med begrepet *écriture*. Hos Genette er det særleg i kraft av ei historisk tilnærming at figurbegrepet får nyansar og blir spesifisert. Ikkje minst blir forholdet mellom bilete og tanke (i figuren) gjort tydeleg i eit slikt perspektiv.

Utgreiinga mi prøver eit stykke på veg å sjå dei to aspekta kvar for seg. Del II er såleis system-orientert, del III og IV historisk orientert. Men det er også eit poeng å visa korleis dei to orienteringane grip inn i kvarandre og problematiserer kvarandre.

¹ "Structuralisme et critique littéraire", *L'envers des signes*, "Figures", "Raisons de la critique pure", "Langage poétique, poétique du langage", "La rhétorique restreinte" (Genette 1966, 1969 og 1972). Eg les tekstane i omsetjing (Genette 1970, 1982 og 1991). Tilvisingane til Genette oppgir først sidetal i franskspråkleg utgåve, deretter i dansk, engelsk eller norsk omsetjing.

Dette samspelet kan formulerast som problemstilling, nærmare bestemt som problematisering av strukturalismen.

Strukturalismen har blitt kritisert som reduksjonistisk fordi den angiveleg tilbakefører alle fenomen til visse faste mønster, fordi den ikkje kjem ut over ei språkleg oppfatning av verda, fordi den gjer mennesket til eit viljelaust uttrykk for dei mønster det er prega av, osv. Eit markant og tydeleg eksempel på denne type kritikk - frå vår del av verda - kan ein finna hos Peter Kemp (Kemp 1972, 87-157). På den andre sida har slik reduksjonisme-kritikk blitt avvist, også den som reduksjonistisk. F. eks. hevdar Frederik Stjernfelt i ein presentasjon av Claude Lévi-Strauss at kritikken av Lévi-Strauss tenderer mot å lukka augene for det som er originalt og epokegjerande ved hans versjon av strukturalismen (Lévi-Strauss 1994, vii). Og når Atle Kittang i dag ser tilbake på diskusjonane som på ideologikritisk grunnlag avviste semiotikken på 1970-talet, karakteriserer han dei som "overflatiske og kunnskapsfattige", og hevdar at litteraturvitskapen "litt for raskt og greitt" kvitta seg med "dei utfordringane og impulsane som dei ulike semiotiske tradisjonane hadde å by på" (Kittang 1998, 18).

Genette vil sjølvsagt høyra med til dei som blir ramma av den type kritikk som bl.a. Peter Kemp framførte. Genette har blitt kritisert også på anna grunnlag. F. eks. hevdar Paul de Man at både han og fleire andre franske strukturalistar ikkje skil tilstrekkeleg mellom eit grammatisk og eit retorisk nivå i språket, at overføringa av begrepsapparatet frå lingvistikk til retorikk ikkje er tilstrekkeleg reflektert (De Man 1979, 6). På den andre sida har han blitt vurdert som vidareutviklar av strukturalismen, eller som føregripande ein poststrukturalistisk kritikk av strukturalismen. David Lodge hevdar eit slikt syn (Lodge 1988, 62). Mary-Rose Logan har ei liknande oppfatning når ho i sin introduksjon peiker på ei fruktbar blanding av systemtru tenking og problematisering av system.

På mange måtar kviler styrken hos Genette på viljen til å kombinera ei systematisk tilnærming til litteraturstudiet med ei problematisering som går ut over grensene til eit gitt system. Som ingen annan har Genette klart å utarbeida ei tenking kring kritikken som innlemmar eit system, nemleg strukturalismen, utan å bli heilt underdanig dette. (Genette 1982, vii.)

Logan hevdar også at Genettes eigen kritisk-praksis er prega av kombinasjonen av system og problematisering av system.

Korleis kombinerer så Genette "ei systematisk tilnærming til litteraturstudiet med ei problematisering som går ut over grensene til eit gitt system"? Og korleis kan ein gjera greie for denne kombinasjonen?

Ein sentral referanse i drøftingar av strukturalismen er det føredraget som Jacques Derrida heldt på Johns Hopkins-universitetet i 1967 (Derrida 1988), der han presenterte to tolkingar av strukturbegrepet. Han peiker nærmare bestemt på ein tvetydighet som grovt formulert går ut på følgjande: På den eine sida viser strukturen tilbake til ein heilskap med eit styrande sentrum, og i kraft av eit slikt sentrum peiker den ut av seg sjølv og gjer nærverande noko utanfor strukturen og språket. På den andre sida tolkar Derrida lingvistikkenes grunnsetning - språket er eit system av skilnader - som ein radikal påstand, som nærmare bestemt ser det som umogleg å tilbakeføra teikna til eit transcendentalt signifikat; teikna kan bare erstattast av nye teikn, av stadig nye teikn, i eit uendeleg spel av betydning.

Distinksjonen til Derrida gjer det mogleg å spørja om det er ei radikal forståing av struktur som ligg til grunn også hos Genette, slik at systemorientinga *i sin konsekvens* inneber også ei systemproblematisering eller -undergraving? På litt omtrentleg og uhøgtidleg vis vil eg hevda at Genette indikerer eit positivt svar når han karakteriserer den *trongen til å namngi* som han finn i retorikken, som ein lidenskap (Genette 1966, 214; 1991, 178). Einkvar lidenskap vil sin eigen undergang, seier Kierkegaard. Det skulle bety at retorikkens strev etter å produsera og å namngi figurar - altså kategoriar som kan inngå i paradigme og som kan skiftast ut med kvarandre - i sin konsekvens eller i yttarleggåande form er sjølvøydeleggande.

Slik eg ser det, kan nok Derrida vera til hjelp til å stilla spørsmålet på denne måten, men ikkje til å gjennomføra sjølve undersøkinga. Dét gjer derimot den langt enklare skilnaden mellom *system* og *historie*. Det er min påstand i det følgjande at Logans karakteristikk kan grunnjevast særleg ved å sjå den historiske orientinga, det historiske perspektivet hos Genette som systemproblematiserande og -overskridande.

II

Det sentrale begrepet i moderne lingvistikk er teiknet. Teiknet knyter saman eit uttrykk og eit begrep. Relasjonen mellom uttrykk og innhald er ikkje nødvendig eller motivert, men umotivert og vilkårleg. Teiknet blir bestemt relasjonelt; det "oppstår" som teikn i kraft av evna til å danna system, og det er ikkje ved referanse til eit utanomspråkleg objekt, men i forhold til andre teikn innanfor systemet at det får avgrensa sitt innhald. Det er såleis utskiftingsprøva som avgrensar det, ikkje bare når det gjeld *omfang*, men også når det gjeld *kva plass* det har innanfor systemet og ikkje minst når det gjeld *innhald*. Her er det mogleg å nyansera tre sentrale kategoriar i lingvistisk teori: *utskifting*, skiljet *reelt-virtuelt*, *arbitraritet* (den umotiverte relasjonen mellom teiknet og det teiknet viser til).

Dette er sentrale kategoriar også for Genette. Når han gjer greie for diskursen på lingvistisk basis, er det på grunnlag av ein generell hypotese om homologi - dvs. ein *slags* likskap - mellom setning og diskurs. Genette drøftar homologi som generelt problem i andre del av artikkelen "Structuralisme et critique littéraire" (Genette 1966, 145-49; 1970, 98-102; jfr. også Barthes 1994, 99). Drøftinga av figur-begrepet kan sjåast som konkretisering og nyansering av spørsmålet om homologi, noko som det er mogleg å gjera greie for ved hjelp av dei kategoriane som her er trekte fram.

Utskifting

Figur er omskriving. Figuren "oppstår" idet eit teikn står i staden for eit anna, og det figuren betyr ligg i kløfta eller overflata eller rommet mellom dei to teikna. Som tvedelt teikn er figuren både nærvere og fråvere, både reelt og virtuelt teikn; som form er den alltid bestemt av forholdet mellom det nærverande og det fråverande, mellom teiknet og meininga, mellom uttrykket og innhaldet, eller mellom signifikantens linje og signifikatets linje ("som sjølvsagt berre er ein annan signifikant presentert som den bokstavlege"; Genette 1966, 207; 1991, 173). Det er like mange figurar som det finst slike rom.

Meininga i ein figur er ikkje gitt gjennom dei orda figuren er samansett av, fordi meininga kviler på ei kløft mellom desse orda og dei som lesaren førestiller seg bortanfor "i ei stadig overskriding av den skrivne gjenstanden" (Genette 1966, 216; 1991, 180).

Med sine refleksjonar om figuren står Genette med éin fot i moderne lingvistikk og éin i klassisk retorikk. For retorikkens vedkommande viser han til eit knippe avhandlingar frå den klassisistiske perioden (Genette 1966, 206 note 1; 1991, 172 note 3), og legg særleg vekt på den utforminga ein finn hos franskmannen Pierre Fontanier tidleg på 1800-talet. Her finn Genette ein variant av retorikken, som det er mogleg å førestilla seg som utvikla på grunnlag av same prinsipp som lingvistikken. For Fontanier er retorikk meir eller mindre det same som ei samling figurar. Opprinneleg var det to lærebøker Fontanier skreiv, éi om tropar og éi om figurar, eller rettare sagt: éi om figurar som er tropar, og éi om figurar som ikkje er tropar. Han hevda at dei to delane med fordel kunne sjåast som eit heile; denne idéen konkretiserte Genette ca. 150 år seinare - i 1968 - då han gav ut alt saman som éi bok, under tittelen *Les Figures du Discours*. For såvel Fontanier som for Genette står det klart at det er figur-kategorien som samlar retorikken til ein systematisk heilskap. Og det einaste kriteriet som blir lagt til grunn, er utskifting, dvs. at språket har eit anna ord for den same tanken. (Fontanier 1968, 63.)

Dette kriteriet presiser figuren, nærmare bestemt på tre måtar. For det første i forhold til den klassiske førestillinga - frå Cicero og Quintilian - om figur som avvik (deviasjon) i forhold til daglegtalen. Denne førestillinga inneber ein apori.

Daglegspråket er jo fullt av figurar; den form for avvik figuren representerer, er såleis ikkje eit avvikande, men eit normalt fenomen. Fontanier løyser knuten ved å skilja mellom enkelt og daglegdags; figuren kan vera daglegdags, men aldri enkel. Det dreiar seg alltid om ein omveg, der noko står i staden for noko anna, der det er ei kjensle av eit virtuelt teikn bak det reelle. (Genette 1966, 210-11; 1991, 175-76.)

For det andre ei avgrensing vis-à-vis katakresen. Hos dei gamle blir det ofte understrekt at det er nauda som utviklar språket og at figuren (særleg metaforen) finn ord for det som det ikkje finst ord for. Den tradisjonelle tropedefinisjonen - å bruka eit ord/ uttrykk med ei anna tyding enn den vanlege - kan nok samsvara med ei slik førestilling. Men katakresen står likevel ikkje substitusjonsprøva; katakresen er ikkje figur av den enkle grunn at den ikkje kan tilbakeførast til eit anna uttrykk - eit virtuelt teikn - som den står i staden for. Den manglar figurens form, den manglar kløfta, rommet, overflata mellom det reelle og det virtuelle teiknet. (Genette 1966, 212-13; 1991, 177.)

For det tredje som avgrensing vis-à-vis innhald. Med stadig referanse til Fontanier prøver Genette ut utskiftingskriteriet på teksteksempel innehaldande *beskriving* og *dialog*. Viss beskrivinga eller dialogen kan tenkast erstatta av ei enkel nemning, dvs. viss det reelle uttrykket kan sjåast som valt, som resultat av utskifting, dvs. viss ein kan fornemma eit virtuelt teikn bakanfor det reelle, så har ein også i slike tilfelle med figur å gjera. Same resonnement gjer seg gjeldande ved tankefigur. Her kjem Genette fram til same konklusjon som Cicero og Quintilian ein gong gjorde (Cicero *Orator* 39.134-41.139; Quint. *Inst. or.* IX.i.23-25). Quintilian avviser at tankefiguren skal vera det same som ei eller anna kjensle som kjem til uttrykk: sorg, sinne, medkjensle, frykt, tillit, forakt osv. Tankefiguren er heller å forstå som ein måte å forholde seg til stoffet på: å bagatellisera, å uttrykka tvil, osv. Kva som blir bagatellisert osv. blir det ikkje sagt noko om, heller ikkje måten dette skjer på. Eit utbrot kan f. eks. ikkje vera tankefigur utan at det er simulert eller tilgjort. Eit slikt resonnement blir gjentatt hos Fontanier og Genette når dei prøver ut substitusjonskriteriet på figuren *commination* (å setta fram eit ytre trugsmål). Dette er ikkje ei særeigen språkleg vending; kjensler er innhald, ikkje uttryksmodi, seier Fontanier. Aksepterer ein dette som figur, blir det like mange figurar som det er kjensler eller lidenskarar, noko som rokkar ved både form- og substitusjonskriteriet. Likevel er det mogleg å akseptera det aktuelle eksemplet som figur, på grunnlag av simulering som kriterium.

Ein tankefigur (kategorien er marginal og omstridt, for strengt tatt finst det berre uttrykksfigurar) er figur berre dersom den er tilgjord eller påteken (falsk vedgåing, falsk uskuld, falsk spørjing, osv.). Den fine nyansen mellom overlegning og tvilrådigheit kviler på eit svært enkelt skilje: Hermiones tvilrådigheit betyr ikkje noko anna enn det ho seier, medan Didos overlegning seier *Kva skal eg gjere?* for å uttrykkje *Eg vil døy*. I det første tilfellet ligg teiknet og meininga jamsides og rører ved kvarandre utan at det er noko tomrom mellom; her har vi ingen figur. Det andre eksemplet omsluttar heile det rommet som strekkjer seg mellom signifikatets (eller den virtuelle signifikantens) rette linje og den kurva som blir dregen opp av den serien med falske spørsmål som konstituerer den reelle signifikanten. Dette rommet skaper figuren. (Genette 1966, 215; 1991, 179.)

Når tankefiguren på denne måten blir akseptert, viser det kor sterkt utskiftingskriteriet står. På dette punktet gjer Genette som Fontanier: han køyrer linja heilt ut. Det avgjerande er ikkje eit utbrodert system som gir ei klart definert form, men at det i det heile tatt dreiar seg om utskifting eller val mellom simulert (reelt) og ikkje-simulert (virtuelt) teikn. Utsiftinga er tydeleg i tilfelle der eit klart avgrensa uttrykk blir erstatta med eit anna. Men effekten er prinsipielt den same ved tankefigur. På denne måten blir *kjensla* av figur, *kjensla* av at noko er erstatta med noko anna, avgjerande kriterium og "ytste argument".

Skiljet reelt-virtuelt

Bak kvart av dei reelle eller realiserte teikna i eit syntagme skjuler det seg eit eller fleire virtuelle teikn; dvs. teikn som kunne ha stått i staden for det reelle teiknet. Denne dobbelheten er eit absolutt kriterium.

Figurens eksistens og karakter er såleis absolutt bestemt av eksistensen og karakteren til dei virtuelle teikna som eg samanliknar dei reelle teikna med når eg slær fast den semantiske ekvivalensen mellom dei (Genette 1966, 210; 1991, 175).

Når Genette brukar denne distinksjonen på retorisk (translingvistisk) nivå, er det med eit atterhald. Forholdet mellom det relle og det virtuelle teiknet (eller dei virtuelle teikna) er vesentleg annleis ved retorisk form jamført med lingvistisk. Grammatisk form vedkjem morfologien og syntaksen, og som form utgjer den bare ei linje. Retorisk form er derimot ei overflate avgrensa av dei to linjene mellom det reelle og det virtuelle teiknet. (Genette 1966, 210; 1991, 175.) Skilnaden dreiar seg om måten teikna er nærverande og fråverande på. Ved grammatisk form er det reelle teiknet nærverande, det virtuelle teiknet (eller dei virtuelle teikna) er fråverande. Derfor linearitet og horisontalitet. Retorisk form, dvs. figurens form, avteiknar seg derimot ved at det virtuelle teiknet gjer seg gjeldande ved sida av eller bakanfor eller

bortanfor det teiknet som er til stades (det reelle teiknet). Det vil nærmare bestemt seia at det reelle teiknet peiker på eller minner om det virtuelle. Det fråverande er ikkje fråverande, det er nærverande, men på ein måte som om det var fråverande. Palimpsest-biletet blir brukt som illustrasjon; "[a]lle figurar kan omsetjast, og ber omsetjingane sine synleg gjennomskinande som eit vannmerke eller ein palimpsest under tekstens overflate" (Genette 1966, 211; 1991, 176). Teoretisk er dette ei sjølvmotseiing; noko kan ikkje vera til stades og fråverande samstundes. Skilnaden *reelt-virtuelt* har m.a.o. ein annan teoretisk status når den blir gjort gjeldande på retorisk nivå. Det dreiar seg om *ein slags* likskap, om homologi, og ikkje om identitet.

Arbitraritet

Førestillinga om ein umotivert relasjon mellom teiknet og det som teiknet refererer til, gjeld også for figuren. Samstundes skapar figuren illusjon om det stikk motsette, nemleg eit motivert teikn. Illusjonen om eit motivert teikn, om at språket står i eit naturleg forhold til det som det refererer til, er ein illusjon som bøter på den mangel som prinsippet om arbitraritet representerer. På grunnlag av denne mangelen kan ein førestilla seg eit håp eller ei forventning om at poesien skal komma nærmare røyndommen enn det som daglegspråket gjer, at den skal finna ord for "det uutseielege", osv. I "Langage poétique, poétique du langage" kritiserer Genette førestillinga til Jean Cohen om diktspråk som radikalt annleis enn daglegspråket, ei oppfatning som m.a.o. ser for seg to språk som gjensidig utelukkar kvarandre. Mot dette ser Genette det poetiske språket som forankra i vanleg språk; det poetiske språket spring ut av den mangelen som hefter ved alt språk, og denne mangelen utgjer såleis språkets alltid ibuande poetisitet. Med referanse til Mallarmé og Valéry ser han poesien som funksjon av at språket, det alminnelege språket, ikkje strekker til. "For den poetiske funksjonen dreiar seg nettopp om dette strevet etter 'å gi erstatning for', rett nok på illusorisk vis, det arbitrære ved teiknet ved *å motivera språket*" (Genette 1969, 145; 1982, 91). Det er den kratylliske draumen, illusjonen om likskap mellom ord og ting, som er essensen i det poetiske språket. Poetisk aktivitet blir forstått som

[...] ein vedvarande *språkleg fantasi* [imagination du langage] som har ein motiverande dagdraum liggande til grunn, ein dagdraum om språkleg motivering, prega av ei semi-nostalgisk tilbakeskoding mot eit hypotetisk "primitivt" språk-stadium der ein tenkjer seg at språket *er* det som det seier (Genette 1969, 145; 1982, 92).

Motiveringa av teiknet er litteraturens positive kraft. Litteraturen er ikkje eit *anna* felt, bare eit *privilegert* felt som skaper nye og sekundære betydingar ved å riva

språket laus frå ein umiddelbar praksis. Det betydningstilskotet figuren gir, ved antydning eller konnotasjon, skaper illusjon om språket som motivert. Denne motiveringa kallar Genette "sjela i figuren" (Genette 1991, 182). (Illusjonen om språket som motivert har også ei negativ side, noko Roland Barthes er opptatt av bl. a. i *Mytologier*. Dette legg også Genette vekt på i sin artikkel om Barthes, "L'envers des signes".)

III

Den motiveringa som det her er tale om, kan variera. Når Genette skal gjera nærmare greie for variasjonen, viser han på den eine sida til at retorikken definerer det poetiske som ein sansemessig omveg.

Når eg seier *segl* for skip, denoterer eg skipet, men samstundes konnoterer eg motiveringa ved detaljen, den sansemessige omvegen som er innprenta i betydninga, og dermed ein viss syns- eller intensjonsmodalitet. Denne sansemessige modaliteten er for retorikken det særigne ved poetiske uttrykk. (Genette 1966, 219; 1991, 182.)

Samstundes peiker han på at ein slik sansemessig omveg bare er ei spesifisering av figuren. Dette blir utdjupa i artikkelen "La rhétorique restreinte". I det følgjande skal eg trekka fram dei viktigaste momenta frå denne artikkelen.

Genette ser retoriikkhistoria som historia om ei generell innsnevring. Slik eg forstår det, ser han denne innsnevringa i to fasar. Først ei utvikling frå generell til figurorientert retoriikk, deretter innsnevring av det semantiske feltet for figuren.

I antikk retoriikk utgjorde figur- og tropelæra bare ein del av ein større samanheng. Quintilian f. eks. gav figur- og tropelæra fyldig omtale, men likevel tilmålt og proporsjonert innanfor rammene av ein generell retoriikk. Denne balansen er tapt, og Genette peiker på tre faktorar for denne utviklinga: (1) Delar av retorikken tørka inn ved at demokratiske institusjonar forsvann, dette gjeld særleg deliberativ (eller politisk) tale. (2) Forholdet mellom dei ulike delane av retorikken blei forstyrra ved press frå nabodisiplinane dialektikk og grammatikk. (3) Tilfanget eller eksempla blei i aukande grad henta frå eit litterært korpus, slik at retoriikkstudiet etter kvart i hovudsak kom til å dreia seg om ordforrådet i poesien, "la *lexis poétique*" (Genette 1972, 22; 1982, 104).

Den første av desse faktorane skal eg ikkje gå nærmare inn på. Det andre punktet krev ein presiserande merknad: Den ramistiske rørsle innanfor utdanningsvesenet i andre halvdel av det 16. hundreåret - rørsle har sitt namn etter hugenotten Petrus Ramus (Pierre de la Ramée, 1515-1572) - omdefinerte forholdet mellom faga i *trivium* (retoriikk, dialektikk, grammatikk) på ein slik måte at det blei

"lite att" til retorikken. I ei lærebok i retorikk som Ramus skreiv i lag med Omar Talon, inneheld faget bare to disiplinar, nemleg *stil* (elocutio) og *framføring* (actio). Stillæra var utforma etter eit enkelt todelingsprinsipp, først med eit skilje mellom tropar og figurar. Tropane blei delte i to hovudkategoriar, den eine omfattande *delheilskap*-relasjonar (metonymi og synekdoke), den andre omfattande relasjonar mellom *delar* (metafor og ironi). Dette gav eit system med fire meistertropar. Figurlæra var meir omfattande, men også den systematisert i enkle dikotomiar. Denne stillæra - som i alle fall for skriftspråkets vedkommande utgjorde retorikken som heilskap - var ei nyskaping som fekk gjennomslag ikkje minst p.g.a. si enkle og oversiktlege form; den var langt meir oversiktlege enn dei store avhandlingane til Cicero og Quintilian. (Conley 1990, 131.) Ved sida av denne nyorienteringa gjer også to andre retningar seg gjeldande i renessansen. For det første retorikk av gammalt merke, som tok vare på alle dei fem tradisjonelle arbeidsfelte (inventio, dispositio, elocutio, memoria og actio) og såg desse som ein heilskap. For det andre dei såkalla figuristane som utforma retorikken meir eller mindre restlaust som ei figurlære. (Fafner 1982, 195-96). Ein kan kanskje få inntrykk av at figuristar - som f. eks. dei engelske renessanseteoretikarane Peacham og Puttenham - var like reduksjonistiske i forhold til tradisjonen som ramistane, all den tid dei var så einseitig innretta mot *elocutio* og tilsynelatande såg bort frå alt anna. Men dei opererte med eit inklusivt figur-begrep, som romma eit mangfald av figurar og omfatta nær sagt alle aspekt ved ikkje bare tradisjonell retorikk, men alle faga i trivium (Joseph 1947, 17-18). Derfor kan det vera meir rimeleg å hevda at dei tok vare på tradisjonen, bare i ei anna form: Ei lære som opphavleg var utforma som prosess, forløp, "historie", dvs. som var orientert mot utviklinga av den enkelte talen, eller utviklinga av den enkelte talaren, blir av figuristane omforma til eit system, eit paradigme, ein semiotikk (Varga 1983).

Den tredje faktoren som Genette meiner ligg til grunn for innsnevringa av retorikken, er orienteringa mot eit litterært tilfang. Den generelle påstanden er at denne orienteringa inneber ei innsnevring av det semantiske feltet for figuren. Figuren får i høgare grad enn tidlegare ei innretning mot det konkrete, og mot ei sansemessig erfaring.

Genette undersøker siste stadium av denne utviklinga, frå klassisistisk retorikk til nyretorikk. Han avgrensar seg til fransk tradisjon, nærmare bestemt utviklinga frå César Dumarsais (1730) til *Gruppe mu* (ca. 1970). Denne nyretoriske tradisjonen klassifiserer figurane på grunnlag av dei såkalla meistertropane slik desse var definerte i ramismen, dvs. etter eit logisk prinsipp som gir ei firdeling: *likskap* (metafor), *nærleik* (metonymi), *relasjon til heilskapen* (synekdoke) og *motsetnad*

(ironi) (Genette 1972, 25; 1982, 106). Den blir reflektert i måten både Dumarsais og Fontanier systematiserer tropane på. Dumarsais delte dei inn i tre hovudkategoriar etter assosiasjonsprinsippa *likskap*, *nærleik* og *motsetnad*, altså *metafor*, *metonymi* og *ironi* (han slo saman *metonymi* og *synekdoke*). Også Fontanier hadde tre kategoriar, men ikkje dei same som Dumarsais: *metonymi*, *synekdoke* og *metafor* (han utelukka *ironi* frå tropane). Legg ein desse to systema over kvarandre, får ein som "fellesnemnar" ei todeling som peiker fram mot det kjende skiljet mellom *metafor* og *metonymi* hos Roman Jakobson (Jakobson 1975). Reduseringa blir hos *Gruppe mu* vidareført, for ikkje å seia fullbyrda, slik at ein står tilbake med likskapsrelasjonen som einaste prinsipp og éin trope - *metaforen* - som representant for alle tropar og figurar.

Ein presiserande kommentar: Genette har forsåvidt sitt på det tørre når han påstår at *Gruppe mu* framhevar metaforen; han kan visa til at gruppa på programmatisk vis påkallar Aristoteles' ord om metaforen som viktigast blant dei poetiske verkemidla. (*Poetikken*, XXII, 1459a; Dubois (o.a.) 1974, 14 og 152; Genette 1972, 33 med note 1; 1982, 114 med note 28.) Likevel gir dette eit galt inntrykk av gruppa. For det er ikkje metaforen, men synekdoke gruppa ser som grunnleggande figur; den ligg i botn også når dei gjer greie for metaforen. (Dubois (o.a.) 1974, 10.)

Den drastiske reduksjonen av det figurative feltet inneber preferanse for tropar, dvs. figurar med sterk semantisk konsentrasjon, den inneber preferanse for figurar med eit tydingsfelt som er orientert mot det sansbare, den gir forrang til relasjonane kontiguitet og likskap og ekskluderer tendensielt figurar med eit meir intellektuelt tydingsfelt. (Genette 1972, 25-26; 1982, 107-8.)

Argumenta for reduksjon er kort fortalt at tropane overlappar kvarandre, og at dei derfor også kan underordnast kvarandre. Dei tropane som står att etter forenklinga, skal såleis inkludera også dei som har falle ut av systemet. Mot dette gjer Genette detaljert greie for korleis reduksjonen av meistertropane inneber at tydingsfelt som tidlegare blei omfatta av figurlæra, blir utelatne. Han samanliknar prosessen med oppkjøp ("coup de force") i næringslivet (og det er vel prosessen *oppkjøp-fusjon-nedlegging* han har i tankane) (Genette 1972, 31; 1982, 113).

Eksempelvis - og kort fortalt - gjer Genette greie for samanslåinga av kategoriane *metonymi* og *synekdoke* slik: Det opprinnelege tydingsfeltet for *synekdoke* er 'inkludering' (større enn - mindre enn; omfattande - omfatta av), for *metonymi* 'samanheng' (i rom, tid, kausalitet, funksjon). Samanslåinga medfører at 'kontiguitet' (nærleik) blir overordna begrep i tydingsfeltet. Dette reduserer *synekdoke* (inkludering) til *metonymi* (kontiguitet). Innvinginga frå Genette: Det er tvilsomt om det er mogeleg å sjå *synekdoke* (inkludering) som spesiell del av *metonymi* (kontiguitet). Denne

reduksjonen blandar saman forholdet mellom *del* og *heilskap* med forholdet mellom *del* og *resterande delar*. Rett nok kan det i gitte samanhengar vera mogeleg å lesa eitt og same uttrykk på begge måtar, dvs. sjå uttrykket som både metonymisk nærleiksorientert og synekdotisk inklusjonsorientert. F. eks. kan ein i uttrykket "krone" (for monark) sjå krona både som *knytt til* eller *del av* monarken, dvs. som *metonymi* og *synekdoke*. Men at det er mogleg å lesa uttrykket på to måtar, betyr ikkje at desse to måtane er eitt og det same. Samanslåinga av *synekdoke* og *metonymi* reduserer vidare metonymi til bare *ein type nærleik*, og stengjer andre nærleiksrelasjonar - *kausaltet, tid, funksjon* - ute. Tydingsfeltet for *metonymi* og *synekdoke* blir såleis avgrensa til bare romlege forhold; tendensielt blir såleis bare dei fysisk-materielle eller sansbare aspekta ved dei opprinnelege tropane aktualiserte. (Genette 1972, 25-28; 1982, 107-10.)

IV

Generelt ser Genette system (*langue*) som abstraksjon av ein gitt språkbruk (*parole*). For den som har lese bare ei bok, utgjer denne boka heile litteraturen. For eit barn som på eit tidleg stadium rår over bare nokre få ord, vil dette utgjera heile språket. Slike eksempel illustrerer at eit system, når det blir forstått som abstraksjon av faktisk bruk, til eikvar tid vil utgjera ein heilskap og likeins alltid vil vera i endring. (Genette 1966, 165; 1970, 111-12.)

Genette forklarar figuren på grunnlag av eit system som er i endring. Denne endringa inneber ikkje bare *utvikling* av systemet, men også *avvikling* av det. På dette grunnlag kan ein tala om *ulike* begrep figur. Eg vil leggja vekt på særleg to prinsipp som orienteringspunkt for denne variasjonen: spesifisering og deprisering.

Spesifisering

I sin omtale av den yttarleggåande reduksjonen av tropane stiller Genette seg kritisk til den innsnevringa han gjer greie for. Samstundes er det ikkje minst denne reduksjonen som gjer det mogleg for han å peika ut figurens vesen eller essens som ein *sanssemessig* omveg, ei *sanssemessig* motivering av teiknet. Dette er ei spesifisering av figuren som gir grunn til å stilla bl.a. følgjande spørsmål: I og med at nyretorikken ser bort frå delar av det tilfanget som tradisjonell retorikk dekker, i og med at eit figur-begrep tilpassa eit litterært tilfang vil vera orientert mot sanssemessig erfaring og semantisk konsentrasjon, vil då ikkje moderne teori også oversjå figurspråket i eit teksttilfang frå før - eller med ei anna orientering enn - den utviklinga som det her er tale om? Vil ikkje figurar som er orienterte mot eit intellektuelt poeng, falla utanfor, særleg tankefigurar som styrer større tekstsekvansar?

Depresisering

Klassisistisk retorikk definerer figur som form. Figuren lar seg "avteikna" som kløft, rom, flate, osv. mellom eit reelt og eit virtuelt teikn. Dvs. at figuren får eller tar form i kraft av det systemet den er del av.

Men den klassisistiske retorikkens system av figurar er avvikla. Likevel forsvinn ikkje figuren med dét; den kan forklarast på ein mindre systembunden måte, ikkje som ombyutting eller utskifting innanfor eit slutta system, bare som kjensle av figur.

"Figur er ikkje noko anna enn kjensla av ein figur; figurens eksistens er heilt avhengig av det medvitet lesaren har - eller ikkje har - om den tvitydige karakteren i den diskursen ein presenterer han for" (Genette 1966, 216; 1991, 179).

Denne depresiseringa ser Genette helst i historisk perspektiv. Men den inneheld også aporiar. For det første inneheld retorikken *som system* ein apori. Som klart definert system vil retorikken ikkje bare gi ei tydeleg avteikning av figuren som form. Som etablert konvensjon, som konsolidert system vil den tendensielt også eintydiggjera figuren. Dermed forsvinn figuren. Forsvinninga skjer ved at den fråverande signifikanten kjem ut av syne. Og utan eit virtuelt teikn bak det reelle, heller ingen figur. Genette viser til Snorres system av kenningar, der einkvar figur får tildelt si endegyldige tyding (Genette 1966, 205; 1991, 171). Og ein kan tenka seg andre eksempel på korleis konvensjonalisering av figursystemet virkar med til å tilinkjesgjera poesien. Men her kan ein spørja: Slike eksempel representerer vel bare i yttarleggåande form det som Genette ser som eit generelt trekk ved retorikken?

Det retorikken ser på som viktig, er klårleiken og den allmenne karakteren til dei poetiske teikna, det er å finne att på det sekundære nivået (litteraturen) den same strenge og gjennomsynlege kvaliteten som alt særkjenner det primære nivået (språket) (Genette 1966, 220; 1991, 183).

Dette er altså første apori: Jo meir eintydig retorikkens system blir definert, og jo tydelegare det på den måten vil avteikna figuren som form, jo svakare blir *kjensla* av figur. Den systematiske forklaringa av figuren vil i ytste konsekvens også uttradera figuren.

Andre apori har å gjera med kravet om klårleik og gjennomsynleg kvalitet. Inneber ikkje dette kravet ei forventning om linearitet og horisontalitet i språket, noko som Genette andre stader har omtalt som framande for retorikken? (Jfr. hans

eiga vektlegging av skiljet mellom retorisk og grammatisk form som blei omtalt i del II ovfr.)

Og endeleg ein tredje apori. Systemet som figur blir forklart på grunnlag av, kan nok truga med å tilinkjesgjera figuren. Men så lenge ein tillet depresiseringa - figur forstått som *kjensle* av figur - kan begrepet også brukast til kritikk og avvising av nettopp det systemet som ligg til grunn for det, det systemet som begrepet blir forklart på grunnlag av. Dette skal eg gjera litt nærmare greie for.

V

Å sjå figur som kjensle, er nok ei depresisering, men inga bagatellisering. Denne kjensla er svimlande. Denne svimmelheten definerer figuren og det poetiske.

[...] den paradoksale tanken at Litteraturen som orden er tufta på teikna sin tvitydige karakter, på det smale, men svimlande rommet som opnar seg mellom to ord med same meining, mellom to meiningar av same ordet: to språk i det same språket " (Genette 1966, 221; 1991, 183).

Svimmelhet - *vertigo* - går igjen som metafor hos Genette. Vertigo-metaforen er dekkande ikkje bare for figuren og det poetiske språket, men også for andre diskursar. For det første blir den påkalla ved skiljet - eller rettare sagt likskapen - mellom forfattar og kritikar. For forfattaren er litteratur ikkje uttrykksmiddel, reiskap, instrument, men sjølvstaden for tanken. Ein som verkeleg lever opp til det å vera forfattar, tenkjer bare i "den togn og løyndom som høyrer skrifta til" (Genette 1969, 22; 1982, 73). Han veit og erfarer til eikvar tid at når han skriv, er det ikkje han som tenkjer sitt språk, men språket hans som tenkjer han og som tenkjer utanfor han. Kritikaren er heller ikkje verkeleg kritikar før også han, liksom forfattaren, er blitt fanga av "the vertigo", dvs. det spelet på liv og død som skriving er. "Kritikaren - som forfattaren - kjenner bare til to oppgåver, som eigentleg er éin og den same: å skriva, å teia" (Genette 1969, 22; 1982, 73).

For det andre kan ein tala om svimmelhet også i Genettes eiga utgreiing. Også han gjer bruk av eit mangelfullt språk, noko som medfører ein *kritikk* av språket. Når eg skal gjera greie for dette, kan den presiseringa som Derrida gir av *bricolage*-samanlikninga frå Lévi-Strauss vera til hjelp: I motsetnad til ingeniørens arbeid, ein aktivitet som utviklar spesialutvikla instrument, er hobbyarbeidet ein syssel der ein nyttar det ein måtte ha for handa, dvs. verktøy som ligg att frå annan aktivitet. Dette skiljet illustrerer hos Lévi-Strauss skilnaden mellom vitskapleg språk og mytens språk (Lévi-Strauss 1994, 27-33). Derrida drar nytte av denne samanlikninga når han tilrår kritikk av (det vitskaplege) språket, ikkje ved å erstatta dei overleverte

(mangelfulle) begrepa med nye, men ved å bruka dei som verktøy som framleis kan gjera nytte, samstundes som ein kritisk vurderer deira kraft og likeins det grunnlaget dei er utvikla på. Samstundes praktiserer han sin eigen resept når han stiller spørsmål ved det fundamentet som bricolage-førestillinga er tufta på: Viss bricolage omfattar nødvendigheten av å låna begrep frå overleveringa, er einkvar diskurs bricolage; ingeniøren som Lévi-Strauss motstiller bricoløren, er såleis ein myte. Derrida bruker overleverte begrep samstundes som han avviser det grunnlaget dei er utvikla på.

Genette gjer samanlikninga til Lévi-Strauss gjeldande også for skilnaden mellom forfattar og kritikar. Forfattaren kan jamførast med ingeniøren; han utforskar røyndommen; kritikaren er som hobbyarbeidaren; han syslar med restar av anna arbeid, han nyttar element frå ein tidlegare litterær struktur i ein ny heilskap. Kritikarens materiale er sekundært og begrensa; kritikaren kjem alltid etter forfattaren. (Genette 1966, 145-49; 1970, 94-98.) Men det som i denne samanhengen har større interesse, er at han overfor retorikkens system praktiserer den dobbelt-haldninga til den vitskapelege overleveringa som Derrida gjer seg til talsmann for. Figur-begrepet blir forklart på grunnlag av eit system som er avvikla, for ikkje å seia avlegs. Her ei kopling mellom ei systemtru og ei systemproblematiserande haldning. På denne måten blir også det vitskapelege språket - Genettes eige språk - eit mangelfullt språk. Også her ei svimlande kjensle av meining bortanfor teikna.

VI

Drøftingane til Genette aktualiserer fleire register for figuren. Den kan variera i omfang, i semantisk konsentrasjon, den kan vera orientert mot sansemessig eller intellektuell erfaring, den kan identifiserast som spesifikk form eller bare merkast som ei vag påminning om form, den kan vera relativt eintydig (statisk) eller mangetydig (dynamisk). Det som ikkje kan variera, er kjensla av form, ei kjensle som peiker på ei meining bortanfor orda. Dette er figurens måte å tenka på. Og dette avgrensar *figura* frå *pictura*; figur er omveg, men ikkje nødvendigvis ein sansemessig omveg.

Så langt figur og bilete. Men spørsmålet om det *poetiske* er ikkje uttømt med dét. Genette minner om at moderne poetikk definerer det poetiske som enkel stil, som fråvere av figur ved at den insisterer på det bokstavlege, insisterer på at det som står, ikkje er omskriving frå noko anna og heller ikkje kan tilbakeførast til eit anna - meir opprinneleg - uttrykk. Denne avvisinga av figuren kallar han - med eit uttrykk frå Jean Paulhan - for "terrorisme". I og med at Genette, i tillegg til å forklara det poetiske som figur, også viser til ein poetikk som definerer det poetiske som fråvere

av figur, kan ein spørja kor dekkande begrepet hans er. Gjer det greie for bare ein del av poesien, eller er det eit allment begrep, omfattande også moderne poetikk som definerer det poetiske som fråvere av figur? Genette gir ikkje noko klart svar (jfr. også Melberg 1991, 118). Men den depresiseringa som eg har omtalt ovanfor, peiker vel i retning av eit allment begrep, dvs. dekkande for poesien.

Ut pictura poesis-debatten er gammal, mangslungen, og framleis levande. Også i dag blir biletet framheva som felles grunn for diktekunst og biletkunst (Andersen 1992, Kittang 1998). I den debatten - som eg ikkje kan gå nærmare inn på her - ser det ut til at Genette inntar ein tvetydig posisjon i kraft av at han både spesifiserer og depresiserer figurbegrepet i forhold til tradisjonell retorikk. Spesifiseringa peiker mot biletet og det sansemessige, depresiseringa mot kjensle, svimmelhet, vertigo.

Litteratur:

- ANDERSEN, MERETE MORKEN 1992 *Tekst i bilder, bilder i språk*, hovudfagsoppgåve i litteraturvitskap, Universitetet i Bergen.
- ARISTOTELES *Poetics*, utg. ved S. Halliwell, *Aristotle: Poetics, Longinus: On the Sublime, Demetrius: On Style*, Cambridge, Massachusetts (Harvard University Press) 1995, 1-141.
- BARTHES, ROLAND 1994 *The Semiotic Challenge*, oms. av R. Howard, Berkeley (University of California Press) [1988, 1985].
- CICERO *Retoriske skrifter I-III*, red. T. Hastrup og M. Leisner-Jensen, Odense (Odense universitetsforlag) 1979-82 [*De oratore, Brutus, Orator og De optimo genere oratorum*].
- CONLEY, THOMAS M. 1990 *Rhetoric in the European Tradition*, Chicago (The University of Chicago Press).
- DE MAN, PAUL 1979 "Semiology and Rhetoric", *Allegories of Reading. Figural Language in Rousseau, Nietzsche, Rilke, and Proust*, New Haven (Yale University Press) 1979, 3-19.
- DERRIDA, JACQUES 1988 Structure, sign and play in the discourse of the human sciences, D. Lodge (red.), *Modern Criticism and Theory. A Reader*, London (Longman), 107-23 [1966].
- DUBOIS, JACQUES (o.a.) 1974 *Allgemeine Rhetorik*, tysk utg. ved A. Schütz, München (W. Fink) [*Rhétorique générale*, 1970].
- FAFNER, JØRGEN 1982 *Tanke og tale. Den retoriske tradition i Vesteuropa*, København (C. A. Reitzels Forlag).
- FONTANIER, PIERRE 1968 *Les figures du discours*, utg. ved G. Genette, Paris (Flammarion) [1818, 1830].
- GENETTE, GÉRARD 1966 *Figures. Essais*, Paris (Éditions du Seuil).
- GENETTE, GÉRARD 1969 *Figures II. Essais*, Paris (Éditions du Seuil).
- GENETTE, GÉRARD 1970 "Strukturalisme og litteraturkritik", P. Madsen (red.), *Strukturalisme*, København (Rhodos) 1970, 94-118 [1964].

- GENETTE, GÉRARD 1972 *Figures III. Essais*, Paris (Éditions du Seuil).
- GENETTE, GÉRARD 1982 *Figures of Literary Discourse*, eng. oms. av A. Sheridan, innl. ved M.-R. Logan, New York (Columbia University Press) [utdr. frå *Figures I-III*, 1966, 1968, 1972]. Omfattande bl. a.: "Structuralism and literary criticism" ["Structuralisme et critique littéraire"], "The Obverse of Signs" [L'envers des signes"], "Figures", "Principles of Pure Criticism" ["Raisons de la critique pure"], "Poetic Language, Poetics of Language" ["Langage poétique, poétique du langage"], "Rhetoric Restrained" [La rhétorique restreinte].
- GENETTE, GÉRARD 1991 "Figurar", no. oms. ved A. Kittang, A. Kittang o.a. (red.) *Moderne litteraturteori. En antologi*, Oslo (Universitetsforlaget) 171-183 [1964].
- JAKOBSON, ROMAN 1975 "Two aspects of language and two types of aphasic disturbances", R. Jakobson og M. Halle: *Fundamentals of Language*, Haag (Mouton), 67-96 [1956].
- JOSEPH, SISTER MIRIAM 1947 *Shakespeare's Use of the Arts of Language*, New York (Columbia University Press).
- KEMP, PETER 1972 *Sprogets dimensioner*, København (Berlingske Forlag).
- KITTANG, ATLE 1975 *Litteraturkritiske problem. Teori og analyse*, Bergen (Universitetsforlaget).
- KITTANG, ATLE 1985 "Tekst, retorikk, dekonstruksjon. Et blikk på poststrukturalistisk litteraturteori i Frankrike og USA", *Norsk litterær årbok* 20, 189-206.
- KITTANG, ATLE 1998 *Ord, bilete, tenking*, Oslo (Gyldendal).
- LÉVI-STRAUSS, CLAUDE 1994 *Den vilde tanke*, København (Gyldendal) [*La pensée sauvage*, 1962].
- LODGE, DAVID (red.) 1988 *Modern Criticism and Theory. A Reader*, London (Longman).
- MELBERG, ARNE 1993 "Poetikk og retorikk i moderne litteraturteori", A. Kittang o.a. (red.), *Moderne litteraturteori. En innføring*, Oslo (Universitetsforlaget) 107-28.
- QUINTILIAN *Institutio Oratoria* I-XII, utg. ved H. E. Butler, Cambridge, Massachusetts (Harvard University Press) 1976-89 [1920-22].
- VARGA, A. KIBÉDI 1983 "Rhetoric, a Story or a System? A Challenge to Historians of Renaissance Rhetoric", J. J. Murphy (red.): *Renaissance Eloquence. Studies in the Theory and Practice of Renaissance Rhetoric*, Berkeley (University of California Press), 84-91.